

Prosjektportefølje 2025

Vedlegg til Miljøloftets handlingsprogram 2026-2029



SAMMEN
OM



Miljøloftet

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland



Føreord

Alle prosjekt i Miljøløftet skal porteføljestyrast. Det vil seie å prioritere prosjekta ut frå ei heilskapleg vurdering av bidrag til måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring.

For å leggje til rette for kvalitet i porteføljestyringa, skal alle prosjekt som blir foreslått finansiert gjennom Miljøløftet ha sitt eige prosjektark. Prosjektarka er standardiserte skjema som skal hjelpe til å vurdere prosjekt opp mot kvarandre, så langt det let seg gjere. Det er to typar prosjektark: eitt for byggeprosjekt og eitt for samlepottar som inkluderer fleire mindre prosjekt og/eller driftsprosjekt.

Denne prosjektporteføljen samlar alle prosjektarka, og er eit vedlegg til rulleringa av handlingsprogrammet. Prosjektarka blei levert inn med frist 1. desember 2024. I hovudsak er det ikkje gjort oppdateringar av prosjektstatus og -informasjon etter dette. Prosjektporteføljen for 2025 inneheld 105 prosjekt. Nokon av prosjekta er allereie starta, mens nokon prosjekt ikkje er modne for den komande fireårsperioda.

Det er Styringsgruppa i Miljøløftet som avgjer kva prosjekt frå porteføljen som skal bli prioritert i handlingsprogrammet for 2026-2029.

Merknader:

- Tala er basert på innspelte prosjektark, og viser foreslått periodisering av kostnader, og finansieringskjelde der dette er oppgitt. Tal er oppgitt i heile 1000.
- Det kan bli gjort endringar i enkeltprosjekt undervegs i rulleringa av handlingsprogrammet.
- Porteføljen inneheld oppdaterte tal for det som skal finansierast gjennom Miljøløftet. Eventuell finansiering utanfor Miljøløftet er ikkje justert etter at prosjektark vart spelt inn.

Merk elles at prosjektporteføljen delvis er auto-generert, og kan innehalde feil. Ta kontakt med Miljøløftets sekretariat om du har spørsmål.

Innhold

Alver kommune

Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	7
Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	10
Fv565 Snuplass for buss og innfartsparkering ved Alverstraumen	14
Fv565 Hilland i Alver kommune, kryssløsning	18
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	21
Ostereidet/Lindsdalen, fortau	25
Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	29
Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	33
Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	37
Samlepott belønningmidler prosjekt, Alver	41
Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver	43
Utviding av snøggbåtsambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen	

Askøy kommune

Nordre Hauglandsveg	45
Kleppevegen ved Myrane	47
Kleppevegen ved Myrane	50
Skarholmvegen	55
Oppfølging av sykkelstrategi	59
Planleggingsmidler Askøy kommune	

Bergen kommune

Kv4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak	61
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold	63
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 1 og 2, sammenbinding	67
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie - Rådal	70
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie - Rådal	74
Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	78
Tennebakk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	78
Tennebakk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	81
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen	81
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen	85
Fv5354 Garnesvegen Bommane - Rasmusvegen	85
Fv5354 Garnesvegen Bommane - Rasmusvegen	89
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	93
Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei	97
Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei	97
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	101
Nonneseter	104
Nonneseter	104
Årstad, Storetveitvegen (Storetveit skole-Paradis), sykkelanlegg	108
Årstad, Storetveitvegen (Storetveit skole-Paradis), sykkelanlegg	108
Johan Berentsens vei - etablering av fortau	111


KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva	114
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop	117
Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	121
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	125
Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole	129
Kjøkkelvikveien samanhengande gang og sykkeltilbod	133
Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	136
Apeltunvegen	140
Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuiter	143
Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet -Lyderhornsveien	147
Kollektivprioriterte gater i Åsane sentrale deler	151
Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling	154
Kv3373 Bjørndalsbakken bru	157
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsangerveien/Solheimsgaten–Fabrikkgaten	160
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg	165
Klostergaten, gateopprusting	169
Gangveier til kollektivtraseer	173
Gang- og sykkelbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune	177
Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune	182
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	186
Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbølien og Gyldenprisveien	189
Paradis 2. byggetrinn	193
Nattlandsveien byggetrinn II, Wiers-jenssens vei -Birkelundstoppen	197
Alternativ omkjøring E16 Trengereid mot Indre Arna, Risnesvegen	200
Sykkelprioriterte gater - Nymark øst	203
Grimstadvegen	206
Bybanen Byggetrinn 5	210
Fremkommelighetstiltak sykkel	213
Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	215
Oppgradering signalanlegg og ASP	217
Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	219
Trafikksikkerhet	221
KDP mot vest, arealplan	223
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	225
Oppgradering holdeplasser	227
Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	229
Bisykkelordningen i Bergen	231

Sykkelbyen Bergen	233
Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar/ trafikkmodeller	235
Bybane fra sentrum til Sandviken	237
Sikker sykkelparkering Nesstun, Åsane og Bergen sentrum	239
Mindemyren, byggetrinn 2	
Bjørnafjorden kommune	241
Sykkelstrategi Bjørnafjorden kommune	244
Etablering av trafikkisikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	247
Fv5150 Troll dalen–Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	251
Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	254
Sykkelparkering	257
Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro	260
Ferstadvegen	263
Hatvikvegen-Finnebrekka -Bybrua	266
Snarvegar Osøyro	269
Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	271
Strategi for grøn mobilitet Bjørnafjorden kommune	
Øygarden kommune	273
Skogsskiftet sentrumsområde	275
Innfartsparkering Ågotnes	279
Bildøyvegen/Straumsundet bru	282
Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen	285
Vestsidevegen	288
Vorland-Forland	291
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	294
Trafikksikringsplan Øygarden	297
Prosjekt sykkelparkering i regionsenteret	299
Trafikkanalyse for regionsenter Straume	301
Arefjordsvegen forprosjekt	303
Prosjektstilling for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne i Øygarden kommune	305
Prosjekt ”bysyklar” i regionsenteret	
Heile avtaleområdet	307
Samkøyring	309
Belønningsmidlar til drift av kollektivtransport	311

Sykkeltelling i Bergensområdet	313
Reduserte billettpriser	315
Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	317
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	319
Drift av sekretariatet i Miljøløftet	321
Reisevaneundersøkelsen (RVU)	323

Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Prosjektet omfatter etablering av ca 120 meter fortau som i dag mangler langs Fv565 i Manger sentrum, ved innkjørselen mot Rema 1000. Prosjektet vil fjerne en missing link i fortausystemet på Manger og vil inngå en framtidig utbygging av ny kollektivterminal på Manger.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklende?		
Bidrar prosjektet til betre framkome for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	Prosjektet gjør det enklere for gående og syklende å ferdes på Manger og gir en etterlengtet sammenheng i transportsystemet for mange trafikanter. Kryssing fram og tilbake over fylkesvegen blir unngått med prosjektet og vil også medføre enklere tilkomst til og fra busstopp. Regionen er betydelig bilbasert og det aktuelle fortauets plassering langs det som er regulert til framtidig kollektivterminal for Manger.
Bidrar prosjektet til betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	sjå tekst over
Bidrar prosjektet til betre trafikktryggleik?	Ja	Sjå tekst over

Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Nei	
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?		

Samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet er lite i Miljøløftsammenheng, men et viktig signal om en ønsket og prioritert autonom utvikling også av sentra i Alver som ikke ligger i søndre del av kommunen. Manger er et knutepunkt for kollektivtransport i denne delen av kommunen og det er behov for å få ned den omfattende bruken av personbil gjennom å tilby trafiksikker og enkel ferdsel for myke trafikanter.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Strekningen inngår i viktig hovedåre for sykkel i den nylig vedtatte sykkelstrategien for Alver kommune.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

Prosjektet er en viktig del langs den fremtidige utbyggingen av kollektivterminal for Mangerområdet. Når denne stårferdig vil dette gi et stort løft for knutepunktsutviklingen i denne delen av kommunen. Trafikksikkerheten i sentrumsområdet vil da bli bedre og grunnlaget for effektiv innfartsparkering blir styrket. Utbyggingen av kollektivterminalen er en del av Nordhordlandspakken, men er for tiden satt på vent på ubestemt tid.



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2025-kr 3200
(tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midler	700	2 000				
Bygging	Statlege post 30-midler						
MVA	Fylkeskommunale midler		500				

Kostnadsvurdering Annet


Kostnadsvurdering utdyping Fylkeskommunen har foretatt byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag.

Er prosjekt vurdert av byggherre? Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Strekning på ca 700 m frå Seim skule til og med kryss til kommunal veg 1109 Fureberget. Etablere ny trafikkisikker infrastruktur med fortau, busshaldeplassar og sanering av avkøyrslar. Sikre samanhengande og trafikktrygt tilbod for mjuke trafikantar gjennom bygda. Særleg til/frå skulen, men også for å binde saman dei ulike bustadområde på Seim. Gje auka tryggleik for mjuke trafikantar, men også for øvrige trafikantar ved at det blir færre og betre regulerte avkøyrslar. Dette gjeld særleg ved butikken som ligg om lag midt på strekninga.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklande?	Ja	Dagens vegstrekning har lav standard mellom skuleområde og kollektivterminal/bustadområder. På grunn av den lave standarden for gåande og syklande er det stor transport av born i privatbilar til og frå skule. Ved å få samanhengande fortau gjennom bygda vil det bli meir attraktivt å gå eller sykle til/frå skule, men også mellom dei ulike bustadområde på Seim. Dette er i dag ein smal strekning der manglande fortau fører til at mange ungar ikkje får lov til å gå eller sykle. Også eldre kvir seg til å gå langs denne vegen. Ved å bygge dette tiltaket vil det kun mangle nokre få hundre meter med gangveg for å ha samanhengende lokalveg og gang-sykkelveg helt til Knarvik.
--	----	--

Bidrar prosjektet til betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Sjå tekst over
Bidrar prosjektet til betre heilskap/samanheng i transport-systemet/-nettverket?	Ja	Sjå tekst over.
Bidrar prosjektet til betre trafikktryggleik?	Ja	Sjå tekst over.
Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Ja	Sjå tekst over.
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Sjå tekst over.

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket legg til rette for betre forhold for gåande, syklende og kollektivreisande, og bidrar såleis til å overføre reiser frå personbil til desse transportformene. Tiltaket blir vurdert til å ha god måloppnåing vedrørende samfunnsøkonomi. Lokalt på Seim vil nytten vere svært stor særleg fordi fleire born vil gå eller sykle til/frå skule og fritidsaktivitetar.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

Tiltaket vil legge til rette for eit attraktivt og meir trafiksikkert tilbod til gåande, syklende og kollektivreisande.



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2025-kr 51000
(tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midler			4 000	4 000		
Bygging	Statlege post 30-midler				4 600	25 000	5 900
MVA	Fylkeskommunale midler				1 000	5 300	1 200

Kostnadsvurdering	Annet
Kostnadsvurdering utdyping	Estimerte kostnader er grovt vurdert og usikre, kun basert på mengder i fylkesatlas. Fylkeskommunen vil gjennomføre anslag når oppdatert reguleringsplan ligg føre. Fylkeskommunen vil og gjennomføre byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag før ein eventuell realisering av tiltaket. Merk: I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffingar (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringar, der oppdragsgjevar ved utlysninger etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne virke på kostnader i prosjekta, men dette er det for tidleg å sei noko om og vil måtte vurderast i kommande rulleringer av handlingsprogrammet.
Er prosjekt vurdert av byggherre?	Ja
Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?	Kan ikkje koplast saman med andre prosjekt.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?	Ja
Har arbeidet med reguleringsplan starta?	Nei
Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?	
Hvilket halvår er reguleringsplan ventet vedtatt?	
Planstatus utdyping	Prosjektet må ha oppstart på ny reguleringsplan grunna utgått eksproprieringsheimel i eksisterande plan og justering av plan til dagens standard. Internt arbeid i fylkeskommunen er starta opp. Formell oppstart av reguleringsplanarbeidet er venta våren 2025. Det er håp om vedtak av reguleringsplan til årsskiftet 2027/2028.
Status grunnerverv	Ikke avklart
Status grunnerverv utdyping	Det er ikkje realistisk å få til minnelege avtaler på streknin-gen. I løpet av 2022 ble det klart at grunnervervet ikkje let seg løse utan oppdatert reguleringsplan. Grunnerverv er ikkje starta opp. Reguleringsplanen er eldre enn 10 år og det ligg ikkje føre ekspropriasjonsrett.
Forberedande arbeid	
Forberedande arbeid utdyping	Detaljprosjektering ikkje starta. Prosjektering kan starte opp når det ligg føre ein oppdatert reguleringsplan for tiltaket.

Status plan og gjennomføring

Det er behov for oppdatering av reguleringsplan. Dette avklares nærmere i dialog mellom Vestland fylkeskommune v/ INV og Alver kommune



Gjennomføringsplan


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdyping

Behov for oppdatert reguleringsplan og anslag. Oppstart plan i 2025 med mulig vedtak i 2027. Prosjektering kan tidlegast starte i løpet av 2027. Utlysning og oppstart kan verte aktuelt i løpet av 2028. Estimerer 1-2 års byggetid.

Fv565 Snuplass for buss og innfartsparkering ved Alverstraumen

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Nei
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Kollektivtransport
Tiltaksområde:	Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Med utgangspunkt i ønske fra Skyss har Vestland fylkeskommune tidligere skissert løsning som ivaretar bussnuplass, holdeplasser og regulerings-/pauseplasser for busser på Remme, ca. 1 km nord for Hilland i Alver kommune. Bakgrunnen for ønsket er at bussene i dag ikke har snumuligheter på strekningen mellom Alversund skule og Austmarka. Det er imidlertid langt flere som bor og reiser på strekningen Alversund skule – Hillandfeltet, enn hva tilfellet er på strekningen Hillandfeltet – Austmarka. Hilland er lokalisert ca. 0,8km NV for Alversund skule, mens Austmarka er lokalisert ca. 6,8 km nord for skolen. Bussene må da kjøre om lag 12 km tur/retur på en strekning med lite passasjergrunnlag. Det optimale er om bussen kan snu like nord for Hillandfeltet, slik at potensielle passasjerer blir fanget opp derfra uten at bussen må kjøre langt videre nord for å snu. Fv. 565 har utfordrende sideterreng, så det er ikke lett å finne egnet sted for å opparbeide bussnuplass inkl. holdeplass og regulerings-/pauseplass. Et sted som da peker seg ut for opparbeiding er på Remme, ved avkjørsel til Remmo. Her er sideterreng mindre bratt og delvis eid av Alver kommune. Resterende aktuelt areal er i privat eie. I følge offentlig plan fra 1999 er det her regulert avkjørsel og busslommer langs fylkesvegen her. I følge privat plan fra 2003 er noe av det aktuelle arealet regulert til parkering og veg, mens resten er uregulert. Arealet er lokalisert om lag 0,9 km nord for Hilland og det vil da spare bussene for å kjøre ca. 10 km tur /retur Austmarka. Da kan sparte kilometer f.eks. kjøres andre steder med mer passasjergrunnlag.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	Prosjektet bidrar til at det kan være hyppigere bussavganger nord til Hilland/Remme, hvor det er godt passasjergrunnlag. Innfartsparkering vil bidra til at flere kan parkere bilen og reise med buss videre retn. Knarvik / Bergen. Både hyppigere avganger og parkering vil kunne bidra til mindre privatbil transport, retn. Bergen.
Bidrar prosjektet til bedre framkome for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	Prosjektet må ivareta bedre/tryggere kryssing av fv. 585. Det vil og gi tryggere og mer attraktiv løsning for passasjerer som skal på/av bussen (se under trafikktryggleik nedenfor).
Bidrar prosjektet til bedre heilskap/samanheng i transport-systemet/-nettverket?	Ja	Bussnuplass og innfartsparkering vil bidra til mer effektiv busslogistikk og at det blir gitt et bedre busstilbud på strekning med høyt passasjergrunnlag. Det er i tillegg gunstig med innfartsparkering før bompengestasjonen på Isdalstø. Dette vil kunne bidra til at flere setter fra seg bilen og tar buss fra Remme og retning Bergen.
Bidrar prosjektet til bedre trafikktryggleik?	Ja	Når passasjerer skal på/av bussen og til/fra målpunkt på motsatt side av fv 565 er det i dag ikke tilrettelagt for gangkryssing. Dette må løses i prosjektet. Det er heller ikke opphøyd fortau-/perrongareal som definerer hvor på-avsigende passasjerer skal oppholde seg. De står derfor i vegbanen, noe som øker risikoen for påkjørsel av bussen eller andre kjøretøy. Dette gjelder i begge retninger. I retning Knarvik/Bergen er det også risiko for påkjørsel av betongskur, hvor passasjerer venter e.a. Ved ev. påkjørsel vil betongskuret kunne klappe sammen slik at personer blir truffet av massiv konstruksjon. I ny løsning er det lagt opp til at man kan oppholde seg på opphøyd areal, som skiller seg fra vegbanen. Risikoen for påkjørsel av skur vil også reduseres betraktelig.
Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?		
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Ja, prosjektet vil bidra til større fleksibilitet når Skyss skal tilby bussruteopplegg nord for Alversund bru.

Samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde



Finansiering

Totalkostnad (type)

Totalkostnad i 2025-kr (tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Kostnadsvurdering utdyping

Ved tidspunkt for utarbeiding av prosjektark foreligger det ikke tilstrekkelig grunnlag for å beregne kostnader. Fylkeskommunen vil jobbe vidare med kommunen for å vurdere utstrekning og løsningsalternativ fram mot neste rullering. Utgangspunktet er at tiltaket må reguleres. Eventuell oppstart på prosjektering vil finansieres over posten "Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv".

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?

Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Nei

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Hvilket halvår er reguleringsplan ventet vedtatt?

Planstatus utdyping

Tiltaket vil kreve detaljregulering for å sikre riktig arealformål og grunnerverv. Det er tidlegare skissert snumulighet for buss, som vil være utgangspunkt for planarbeidet. Det er ikke tidligere skissert parkering. Tiltaket har ikke fått planmidlar over fylkesbudsjettet i 2025, men vil vurderast inn mot planbudsjett for 2026.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdyping Ikke vurdert

Forberedende arbeid

Forberedende arbeid utdyping Ikke aktuelt

Status plan og gjennomføring



Gjennomføringsplan


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdyping

Tiltaket må regulerast før prosjektering og realisering. Tidlegast oppstart 2027/2028.

Fv565 Hilland i Alver kommune, kryssløsning

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Kollektivtransport
Tiltaksområde:	Trafikktryggleik; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Etablere oppgradert og mer trafikk sikker kryssløsning i kryss Fv565 x Hillandsvegen i form av venstresvingefelt. Prosjektet er en endring /justering av tidligere innmeldt prosjekt med etablering av rundkjøring som medførte snumulighet for busser. Bussløsningen er flyttet lenger nord til nytt bussprosjekt ved avkjøring til Alverstraumen kai. Det er innlevert eget (nytt) prosjektark på dette siste.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklande?	Nei	
Bidrar prosjektet til betre framkome for kollektiv, gåande og/ eller syklande?	Nei	
Bidrar prosjektet til betre heilskap/samanheng i transport-systemet/-nettverket?	Nei	
Bidrar prosjektet til betre trafikktryggleik?	Ja	Det aktuelle krysset ligger på en uoversiktlig bakketopp. Ny vei over deler av Radøy og ny Alversundbru bro vil medføre ytterligere økning av trafikken gjennom dette ukanaliserte krysset.

Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Nei	
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	

Samfunnsøkonomisk nytte

I årene fremover vil trafikken øke her pga. ny vei over deler av Radøy, samt ny Alversundbro. Erstatning av dagens kryssløsning med kanalisering vil medføre en tryggere trafikkavvikling med færre skader enn det som da ellers kan forventes.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Krysset ligger i forlengelse av reguleringsplan for ny Alversund bru. Krysset er tidligere regulert (1998) med en mindre rundkjøring, noe som ikke tilfredsstillir dagens krav. En større rundkjøring er særdeles krevende å få plass til.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

-



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2025-kr
(tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Foreløpig grovt estimat fra kommunen basert på en nøktern utførelse. Kostnadsestimat er usikre og fylkeskommunen vil gjennomføre oppdatert anslag på reguleringsplan og eventuelt byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag før utlysning dersom tiltaket blir prioritert. Prosjektet ligger som rekkefølgekrav for videre boligutbygging av Hillandsområdet og det tas sikte på privat (med)finansiering når det gjelder mulig krav om ny reguleringsplan.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Nei

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Ligger like utenfor reguleringsplan for ny Alversund bro og må sees i sammenheng med denne for å få en samlet sikrere trafikk-løsning her.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Hvilket halvår er reguleringsplan ventet vedtatt?

Planstatus utdjujing

Uklart om prosjektet krever ny reguleringsplan. Derom dette kreves, forventes denne å være svært enkel. Prosjektet er del av rekkefølgekrav for utbygging i området.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdjujing

Ikke avklart grunnet uavklart løsning.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjujing

Prosjektavklaringer har pågått i mange år mellom kommunen, fylkeskommunen og private utbyggingsinteresser. Trafikkøkninger forventes å komme i 2024 når ny vei over deler av Radøy står ferdig. Prosjektet er nærmest overmodent for planlegging og utførelse.

Status plan og gjennomføring



Gjennomføringsplan


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjujing

Fylkeskommunen og kommunen vil diskutere dette tiltaket fram mot neste rullering av handlingsprogrammet i Miljøløftet/ andre budsjettinnspill

Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Strekning på ca 200 m på Leknesvegen. Etablere ny og trafiksikker infrastruktur med fortau og avkjørselsanering mellom eksisterande fortau og fram til krysset til Hillesvåg, forbi kollektivterminal og mot bustadområder mot Kleivdalsvegen og Apalen. Tiltaket vil binde saman eksisterande fortau frå skulen og eksisterande kollektivknutepunkt, samt bustadområder nord for denne. Dette er i dag ein smal strekning der manglande fortau fører til at mange ungar ikkje får lov til å gå eller sykle. Kan koplast opp mot planlagt fortau vidare nordover på Fv5452, der det er eit rekkefølgekrav opp mot nytt bustadfelt. Reguleringsplan vedtatt 3/4-2018 - Hillesvågen bustadområde - id 1263-201409



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	Dagens vegstrekning har lav standard mellom skuleområde og kollektivterminal/bustadområder. På grunn av den lave standarden for gåande og syklende er det stor transport av born i privatbilar til og frå skule/idrettshall. Ved å få samanhengande fortau vil det bli meir attraktivt å gå eller sykle til/ frå skule, men også mellom dei ulike bustadområda langs Leknesvegen. Ved skulen er det også idrettshall, kulturhus og ein barnehage. Tiltaket vil også gjere det meirattraktivt å reise kollektivt då det blir ein trygg tilkomst til/frå kollektivknutepunktet. Det er nokre bustader tett opp til fylkesvegen. For desse vil redusert biltrafikk føre til mindre støy og forurensing.
---	----	--

Bidrar prosjektet til betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Sjå tekst over.
Bidrar prosjektet til betre heilskap/samanheng i transport-systemet/-nettverket?	Ja	Sjå tekst over
Bidrar prosjektet til betre trafikktryggleik?	Ja	Sjå tekst over
Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Ja	Sjå tekst over
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?		

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket legg til rette for betre fothold for gåande, syklende og kollektivreisande, og bidrar såleis til å overføre reiser frå personbil til desse transportformene. Tiltaket blir vurdert til å ha god måloppnåing vedrørende samfunnsøkonomi. Lokalt på Leknes vil nytten vere svært stor særleg fordi fleire born vil gå eller sykle til/frå skule og fritidsaktivitetar.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Tiltaket er i tråd med reguleringsplan, godkjent i 2018.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

Tiltaket vil legge til rette for eit attraktivt og meir trafikksikkert tilbod til gåande og syklende og til dels for kollektivreisande. Då det ikkje er eit etablert gang- og sykkelvegnett langs E 39 (skilta forbod for gåande og syklende på E 39) ersonykelruta mellom Bergen og Førde skilta via Fv 5452, Leknesvegen. Dette tiltaket vil binde saman denne sykkelruta.



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2025-kr (tal i heile 1000) 17000

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midler	3 500					
Bygging	Statlege post 30-midler		9 100	2 000			
MVA	Fylkeskommunale midler		1 900	500			

Kostnadsvurdering	Annet
Kostnadsvurdering utdyping	Fylkeskommunen har gjennomført byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag i 2024. Dette var kun basert på mengder i fylkesatlas. Fylkeskommunen vil derfor foreta eit overslag på prosjekteringsgrunnlaget før utlysning. Det vert vurdert kostnadsreducerande løysningar i samband med prosjekteringa. Merk: I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffingar (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringar, der oppdragsgjevar ved utlysninger etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne virke på kostnader i prosjekta, men dette er det for tidleg å sei noko om og vil måtte vurderast i kommande rulleringer av handlingsprogrammet.
Er prosjekt vurdert av byggherre?	Ja
Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?	Det er ikkje vurdert



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?	Nei
Har arbeidet med reguleringsplan starta?	
Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?	
Hvilket halvår er reguleringsplan ventet vedtatt?	
Planstatus utdyping	Reguleringsplan vedtatt 3/4-2018 - Hillesvågen bustadområde - id 1263-201409
Status grunnerverv	Avklart
Status grunnerverv utdyping	
Forberedande arbeid	Prosjektering pågår
Forberedande arbeid utdyping	
Status plan og gjennomføring	



Gjennomføringsplan


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping

Tiltaket er under prosjektering. utlysning og oppstart i 2025 om tilsagn om midler over statsbudsjettet. (Utlysning og realisering avhenger av tilsagn om statlige midler). Utlysning og oppstart i 2026 uten midler i 2025, slutttoppgjør i 2028) forseres ved tidligere tildeling.

Ostereidet/Lindsdalen, fortau

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Målet er å etablere eit trafikksikkert tilbod for mjuke trafikantar på strekningen for å auke andelen gåande og syklande, og bedre tilhøva for kollektivreisande. Prosjektet fører til langt enklere og sikrere tilkomst for gange og sykkel mellom boligområder, skole, idrettsområde, kirke, - og bussterminal/senterområde. Etablering av ca. 350-400 m fortau langs bratt fylkesveg mellom Ostereidet Senter og kommunal veg til Ostereidet skule. Kjørefeltsbredde vert ikkje endra, men det etablerast eit fortau opp svingane. Strekningen har ikkje tilbod til mjuke trafikantar i dag, og opplevast som utrygg å ferdast langs. Det nye tilbodet koplast i ein midlertidig gang-løysing opp mot senterområdet.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklande?	Ja	Sjå tekst over og under.
Bidrar prosjektet til betre framkome for kollektiv, gåande og/ eller syklande?	Ja	Strekninga har ikkje tilbod til mjuke trafikantar i dag, og bygging av fortau vil gi betre framkomst. Vegen blir også utbetra noko, og vil gi ein liten forbetring for kollektiv.
Bidrar prosjektet til betre heilskap/samanheng i transport-systemet/-nettverket?	Ja	Tiltaket gir eit heilt nytt og forbetra tilbod til gåande og syklande, enten dei skal til eller frå senterområdet, eller til og frå kollektivterminalen/buss.
Bidrar prosjektet til betre trafikktryggleik?	Ja	Tiltaket reduserer trafikk og gir eit nytt tilbod til mjuke trafikantar. Sjå ellers tekster over og under.

Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Ja	-
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?		-

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket tilrettelegg for bedre forhold for gående, syklende og kollektivtrafikken, og bidrar til å overføre reiser fra personbil til disse andre transportformene. Tiltaket etablerer gode transportvaner hos skoleelever som gir grunnlag for mindre personbilavhengighet i fremtiden. Tiltaket blir vurdert til å ha god måloppnåing vedrørende samfunnsøkonomi, både på kort og lang sikt.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Tiltaket er i samsvar med kommuneplanens arealdel og i tråd med regionale og statlege planer og retningslinjer. Tiltaket er prioritert som nummer 3 og 4 i kommunens trafikksikringsplan (prosj. 10 - 50 mill.), der nr. 1, Kvamsbrekka, er under utføring og nr. 2, Kleivane/Seim, er uregulert. Tiltaket er del av prioritert hovednett i kommunens sykkelstrategi.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

Tiltaket legger til rette for et attraktivt og trafikksikkert tilbud til gående og syklende og for grunnlaget for mye av kollektivtrafikken lokalt. Tiltaket forbedrer også trafikktryggheten for øvrig kjøretrafikk. Prosjektet bygger opp under Ostereidet som lokalsenter



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2025-kr 39400
(tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midler	6 000					
Bygging	Statlege post 30-midler		5 800	19 400	2 500		
MVA	Fylkeskommunale midler		1 200	4 000	500		

Kostnadsvurdering	Byggherreoverslag
Kostnadsvurdering utdyping	Fylkeskommunen gjennomførte eit forenkla byggherreoverslag på reguleringsplan i november 2023. Dette var kun basert på mengder i fylkesatlas. Fylkeskommunen vil derfor foreta eit overslag på prosjekteringsgrunnlaget før utlysning. Det vert vurdert kostnadsreducerande løysningar i samband med prosjekteringa. Merk: I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffingar (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringar, der oppdragsgjevar ved utlysningar etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne virke på kostnader i prosjekta, men dette er det for tidleg å sei noko om og vil måtte vurderast i kommande rulleringer av handlingsprogrammet.
Er prosjekt vurdert av byggherre?	Ja
Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?	Det er ikkje vurdert pt.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?	Nei
Har arbeidet med reguleringsplan starta?	
Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?	
Hvilket halvår er reguleringsplan ventet vedtatt?	
Planstatus utdyping	Reguleringsplan vedteken i 2021.
Status grunnerverv	Ikke avklart
Status grunnerverv utdyping	
Forberedande arbeid	Prosjektering pågår
Forberedande arbeid utdyping	Oppstart detaljprosjektering årsskiftet 2023/24
Status plan og gjennomføring	Reguleringsplan vedtatt i 2021.



Gjennomføringsplan


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping

Tentativ framdrift: Oppstart prosjektering årsskiftet 2023/2024 Prosjektering 2024, utlysning våren 2025 og oppstart bygging hausten 2025, sluttoppgjør truleg i 2027.(Utllysning og realisering avhenger av tilsagn om statlige midler). Utlysning og oppstart i 2026 uten midler i 2025, sluttoppgjør i 2028) forseres ved tidlige tildeling.

Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Alver kommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Alver kommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Alver kommune



Prosjektomtale og føremål:

Omfatter kommunale andeler i kommende utbyggingstrinn av den omfattende opparbeiding av arealer for gående og syklende i Knarvik sentrum og i området opp mot Nordhordlandshallen og Knarvik kirke, basert på Knarvikplanen. Denne områdeplanen er grunnlaget for transformasjonen av regionsenteret Knarvik, der gående og syklende skal være i sentrum av en miljøprioritert by.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	Prioritering av gående internt i Knarvik og til/fra kollektivknutepunkt/Knarvik terminal sentralt på E39 og til snøgg-båten til/fra Bergen. Prioritering av syklende, både på fortau og på egne sykkelfelt langs veisystemet.
---	----	---

Bidrar prosjektet til bedre framkome for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	<p>Knarvik er i dag betydelig bilbasert, med mye parkering og smale og til dels dårlige fortau. Gående og syklende blir nå prioritert i den aktuelle utbyggingen her av Knarvikbyen. En vesentlig del av totalprosjektet er den såkalte Leikeløypa, en miljøprioritert trase tvers gjennom den mest sentrale delen og der all ferdsel er på de gåendes premisser. Videre skal hele den sentrale delen av Kvassnesvegen langs Rema 1000 heves betraktelig og etableres med nye, utvidede arealer for gående og syklende, slik det er etablert langs Helsehuset. Ellers inngår deler av området mellom Knarvik senter og Nordhordlandshallen og Knarvik kirke, et område som som har hatt dårlig framkommelighet og til dels trafikkfarlige forhold for gående og syklende. Dette området er mye benyttet av myke trafikanter, særlig på kveldstid.</p>
Bidrar prosjektet til bedre heilskap/samheng i transport-systemet/-nettverket?	Ja	<p>Knarvikbyen blir lagt opp til et sammenhengende fremtidig nettverk av fortau og sykkelfelt. I Knarvikplanen er det et potensiale på ca 1600 leiligheter i sentrumsdelen av Knarvikområdet, noe som betinger tung satsing på gående, syklende og lett tilgang til gode kollektivløsninger. Inntil gjennomgående almenning blir bygget må det etableres tilliggende muligheter for trygg ferdsel gjennom området mellom nedre sentrale deler ved Helsehuset og opp til hall og kirke.</p>
Bidrar prosjektet til bedre trafikktryggleik?	Ja	<p>Myke trafikanter blir vesentlig mer skilt fra biltrafikken og det blir satt av langt mer areal til myke trafikanter enn i dag.</p>
Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Ja	<p>Arbeidsplasser og boliger blir langt mer komprimert gjennom effektiv arealutnytting, korte avstander til butikker og service, helseinstitusjoner og kollektivtransport.</p>
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	<p>Prosjektet vil bidra til en økning i trygghet for myke trafikanter. Det er forventet at mange vil komme til å flytte til Knarvik de nærmeste årene og det er en intensjon at utbyggingens form skal føre til at disse, - og andre i Knarvik skal ha redusert behov for egen bil, og føle seg vel og trygg som myke trafikanter. Tilgangen til Knarvik bussterminal og dermed effektiv kollektivtransport blir lettere.</p>

Samfunnsøkonomisk nytte

Knarvikplanen har en høy arealutnytting med tilhørende lave lokale transportkostnader. Trafikksikkerheten vil være høy med redusert fare for personskader.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet er en integrert del av Knarvikplanen, som igjen er basert på kommuneplanen.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

Det skal etableres omfattende infrastrukturanlegg i de aktuelle fortauene og gang- og sykkelveiene.



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

**Totalkostnad i 2025-kr
(tal i heile 1000)** 29400

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Statlege post 30-midler	20 000	9 400				
MVA							

Kostnadsvurdering

Byggherreoverslag; Reguleringsplan

Kostnadsvurdering utdyping

Isolerte kommunale kostnader for opparbeiding av arealer for sykkel og gange. Ikke inkludert VA- eller kabelanlegg. Grensegang mot arealer for kjørearealer og tiliggende private utbyggingsarealer. Omfattende juridisk forankring i ulike utbyggingsavtaler for ulike firmaer for kvartalsvis utbygging av det sentrale Knarvik. Opprinnelig kostnad i 2022 var estimat for nettokostnad uten tillegg for uforutsette kostnader. Revidert etter endrede kommunale rutiner med +30% uforutsett for summen fra 2022 og hhv +3% og +5% for 2023 og 2024.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Alle prosjektene her blir bygget samtidig med kjøreveganleggene, omfattende VA -anlegg og kabelanlegg.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Hvilket halvår er reguleringsplan ventet vedtatt?

Planstatus utdyping

Inngår i områdeplan for Knarvik, Knarvikplanen fra 2015 med senere revisjoner, der det aktuelle utbyggingsområdet er fritatt for utarbeiding av egne reguleringsplaner. Deler av utbyggingen ved hall og kirke er basert på dispensasjoner og utføres på kommunal vei-grunn.

Status grunnerverv

Arbeid pågår

Status grunnerverv utdyping

Store deler av arealene er i kommunal eie og utbyggingsavtaler nærmer seg klare for signeringer. Resterende nødvendig grunnerverv er i gang og det forventes aksept for forhåndstiltredelse ved eventuelle juridiske prosesser. Dette ble gjennomført ved nylig utførte prosjekter i østre deler av Knarvikplanen.

Forberedende arbeid

Byggeplan pågår

Forberedende arbeid utdyping

Det er utført omfattende grunnundersøkelser, inkl fjellkontroll og forurensningsanalyser. Prosjekteringen, inkl diverse forprosjekter, utføres av store og anerkjente konsulentfirmaer. Det samme gjelder for tilstøtende eiendommer som er i byggefase.

Status plan og gjennomføring

Inngår i områdeplan for Knarvik, Knarvikplanen fra 2015, der det aktuelle utbyggingsområdet er fritatt for utarbeiding av egne reguleringsplaner. Deler av utbyggingen ved hall og kirke er basert på dispensasjoner og utføres på kommunal grunn.



Gjennomføringsplan


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	
1. kvartal 2012	1. kvartal 2013	1. kvartal 2013	2. kvartal 2015	1. kvartal 2020	3. kvartal 2022	3. kvartal 2022	3. kvartal 2026	3. kvartal 2026

Gjennomføringsplan utdyping

Gjennomføring i det sentrale Knarvik er helt avhengig av privat initiativ til utbygging av de aktuelle private tilliggende tomtene. Framdrift og fordeling av økonomi er basert på pågående utbyggingsavtale-forhandlinger, noe som har pågått i flere år. Store boligprosjekter langs traseen er nå i full gang rundt Geco-tomten og de offentlige gang- og sykkelveiene må etableres i tett samarbeid med den private utbyggingen. Dette må ferdigstilles i løpet av 2025 og 2026. Gjennomføring av hoveddelen av anlegget opp mot hall/kirke er ferdigstilt. Første del av arbeidene var i regi av VA, tilskudd fra Miljøløftet (kulvertanlegget) og forskutteringer fra kommunen. Andre del, ved kirka, som gjelder denne søknaden, er forutsatt utført i løpet av 2025 og 2026.

Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2025-2028?	Ja
Er det første gong prosjektet vert spelt inn til Miljøløftet?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Alver kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg etter ferdig prosjekt:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål:

Etablere ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg / fortau og ny bussholdeplass på strekningen mellom rundkjøring ved Frekhaug senter med sin kollektivsentral og Sagstad skule, inkludert det store idrettsanlegget på Sagstad. Etablere et trafikksikkert tilbud for gående og syklende på strekningen for å øke andelen gående og syklende og bedre forholdene for kollektivreisende.



Måloppnåing

Nullvekstmålet

Bidrar prosjektet til redusert reisetid for kollektiv, gåande og/ eller syklende?	Ja	Dagens veistrek har lav standard og ligger i et sentrumsnært område med skole og et stort idretts- og fritidssenter. På grunn av den lave standarden for gående og syklende langs veien, er det stor transport her av barn i privatbiler til og fra skolen og idrettsområdet. Tiltaket gir et nytt og forbedret tilbud til gående, syklende og kollektivreisende. Disse transportgruppene vil få et mer attraktivt, trafikksikkert og effektivt tilbud. Gange- og sykkeltilbudet kobles mot senterområdet på Frekhaug, og vil bli en del av et sammenhengende gang- og sykkeltilbud både i Frekhaugområdet og langs Fv564 i kommunen, som igjen er bundet sammen med tilbudet langs E39 mot både Knarvik og mot Bergen. Tiltaket vil forbedre forholdet for fremkommelighet for kollektivtrafikk, ved bygging av ny trafikksikker holdeplass ved Sagstad skule.
---	----	---

Bidrar prosjektet til betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Sjå tekst over
Bidrar prosjektet til betre heilskap/samanheng i transport-systemet/-nettverket?	Ja	Sjå tekst over.
Bidrar prosjektet til betre trafikktryggleik?	Ja	Sjå tekst over.
Bidrar prosjektet til å redusere behovet for personbilreiser gjennom effektiv arealutnytting?	Nei	
Bidrar prosjektet til færre personbilreiser på andre måtar?		Se tekst over.

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket tilrettelegg for bedre forhold for gående, syklende og kollektivtrafikken, og bidrar til å overføre reiser fra personbil til disse andre transportformene. Tiltaket blir vurdert til å ha god måloppnåing vedrørende samfunnsøkonomi. Sykkelpotensialmodell for Alver viser eit potensiale for om lag 250 syklende per døgn på dei sentrale delane av Sagstadvegen.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Tiltaket er i samsvar med kommuneplanens arealdel og i tråd med regionale og statlige planer og retningslinjer

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsningsområde

Tiltaket legger til rette for et attraktivt og trafikksikkert tilbud til gående og syklende og for kollektivtrafikken. Tiltaket forbedrer også trafikktryggheten for øvrig kjøretrafikk. Prosjektet bygger opp under Frekhaug som lokalsenter



Finansiering

Totalkostnad (type) Vedtatt/akseptert ramme

Totalkostnad i 2025-kr (tal i heile 1000) 52000

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Statlege post 30-midler	30 900	8 477				
MVA	Fylkeskommunale midler	7 970					

Kostnadsvurdering	Byggherreoverslag; Reguleringsplan
